

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Klepp

Emne: Vassbering

Bygdelag:

Oppskr. av: H. H. Kleppe, f. 1877.

Gard: Kleppe

(adresse): Kleppe, Jæren.

G.nr. 1. Br.nr. 19.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 y samarbeid med Sven Vædeland, f. 1870, bonde i Klepp.

SVAR

1. Frå gammal tid er det her nytta vassel (vassåke) og to tre-bytter. Det vanlege namnet er «vassel». — Det var av det slaget som kvilde på bae herdene, og midt på åket var det hola ut opning for halsen. — Mellom åket og byttene var det toq med jerukrokkar. Langt attause var nok visjer og Frekrokkar i bruk. Har òg sett at jerulekkjer og jerukrokkar var nytta. Hjemmer ikkje ser namn på dei einstilte delene. — For 40 år sidan var trebytter vanleg i bruk her, men så gjekk ein etter kvost over til å bruke sinkbytter. No er det sjeldan å sjå ei trebytte i bruk.
2. Det var ikkje vanleg her å henta vatn i eit kjer-
 rald med to åyrer og med stong til å herna dette med. Dei vanlege stampane med to åyrer var for vise og etter måten for tunga til dette bruket. — Til å ausa vatn med nytta me her på Jæren eit kjer-
 rald som er kalla for streppa. Det var eit rundt kjer-
 rald som runde 4-6 liter. Det var litt vidare opp ein mede med botnen. Men på eine sida gjekk den eine slaven så langt opp at det vart eit høvelegt hand-
 tak. Dette kjer-
 raldet var sers høvelegt til å ausa vatn ^{med} or den store brunngrøfta eller or kjelda eller brunnen, når ein kunne nå vatnet med hendene.
3. — Hjemmer ikkje til at ski vart nytta til å føra vasskjer-
 raldet.

2

4. - Det minskar mykje med vassberinga no. Men for var ikkje dette arbeidet lagt på nokon viss person. Alle som var i husstandet laut hjelpa til. Men det er nok truleg at husmora ofte laut ta tyngste tasket, dersom ho hadde med fjåskellet å gjera.

5. - Som for nemnt har det minka sers mykje med vassberinga her i bygda. På dei større gardane er det truleg ikkje noko av dette. På småbruka kan det av og til vera litt på den gamle måten. -

6. - Høyring av vate er framleis i bruk på somme gardar, når det er sers surt om sūmareu, eller når frosten om vinteren har gjort skade på vassleidningane.

7. - Det har minka mykje med vassberinga no, og på dei store og mellomstore gardane er det mest jant over lagt inn vate i fjås, stall og kjøken. Også på mange småbruk er det same tilfelle. Det er såleis gjort store framsteg når det gjeld vass-spørsmålet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 780
BYGDØY

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 Fylke: Rogaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad:
 Emne: Vassbering Bygdelag:
 Oppskr. av: K.K. Kleppe, f. 1877. Gard: Kleppe
 (adresse): Kleppe, Jæren. G.nr. 1 Br.nr. 19.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

I samarbeid med Sven Vådeland, f. 1870, bonde i Klepp.

SVAR

1. Frå gamal tid er det her nytta "vassel" (vassåk) og to tre-bytter. Det vanlege namnet er "vassel".- Det var av det slaget som kvilde på baa herdene, og midt på åket var det hola ut opning for halsen. Mellom åket og byttene var det tog med jernkrokar. Langt attende var nok vidjer og trekrokar i bruk. Har òg sett at jernlekkjer og jernkrokar var nytta. Kjenner ikkje sernamn på dei einskilde delene. For 40 år sidan var trebytter vanleg i bruk her, men så gjekk ein etter kvart over til å bruka sinkbytter. No er det sjeldan å sjå ei trebytte i bruk.
2. Det var ikkje vanleg å henta vatn i eit kjerald med to øyrer og med stong til å bera dette med. Dei vanlege stampane med to øyrer var for vide og etter måten for tunge til dette bruket. Til å ausa vatn med nytta me her på Jæren eit kjerald som er kalla for "streppa". Det var eit rundt kjerald som rømde 4-6 liter. Det var litt vidare oppe enn nede med botnen. Men på eine sida gjekk den eine staven så langt opp at det vart eit høvelegt handtak. Dette kjeraldet var sers høvelegt til å ausa vatn med or den store brunngryta eller or kjelda eller brunnen, når ein kunne nå vatnet med hendene.
3. Kjenner ikkje til at ski vart nytta til å føra vasskjeraldet.
4. Det minkar mykje med vassberinga no. Men før var ikkje dette arbeidet lagt på nokon viss person. Alle som var i husstandet laut hjelpa til. Men det er nok truleg at husmora ofte laut ta tyngste taket, dersom ho hadde med fjøsstellet å gjera.
5. Som før nemnt har det minka sers mykje med vassberinga her i bygda. På dei større gardane er det truleg ikkje noko av dette. På småbruka kan det av og til vera litt på den gamle måten.
6. Køyring av vatn er framleis i bruk på sume gardar, når det er sers turrt om sumaren, eller når frosten om vinteren har gjort skade på vassleidingane.
7. Det har minka mykje med vassberinga no, og på dei

store og mellomstore gardane er det mest jamt over lagt inn vatn i fjøs, stall og kjøken. Også på mange småbruk er det same tilfelle. Det er såbis gjort store framstig når det gjeld vass-spørsmålet.

--- o o o ---

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYØDØY

259

Rett avskrift: L. Gall.